



Møteprotokoll Eldrerådet

Møtedato: 06.09.2022
Møtestad: Austrheim kommunehus
Møtetid: 17:00 - 18:00

Frammøtte medlemmer	Rolle
Gro Vigdis Johannessen	Medlem
Solveig Hopen	Medlem
Reidar Øksnes	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Rolle
Ivar Bergsvik	Medlem
Idar Johan Hopland	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Rolle
Magnus Kvingedal	Varamedlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore, Kim Andrè Vangberg

Austrheim 7. september 2022

Gro Vigdis Johannessen
møteleiar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
013/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
014/22	Godkjenning av møteprotokoll
015/22	Orienteringssak

013/22: Godkjenning av innkalling og saksliste

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

06.09.2022 ELDRERÅDET

Handsaming i Eldrerådet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

ER - 013/22 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vart godkjent

014/22: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

06.09.2022 ELDRERÅDET

Handsaming i Eldrerådet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

ER - 014/22 VEDTAK:

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

015/22: Orienteringssak

Kommunedirektøren sitt framlegg:

06.09.2022 ELDRERÅDET

Det vart orientert om ulike saker:

Leiar Gro Johannessen:

- Status for Eldredagen 1. oktober - her har leiar Gro Johannessen planlagt saman med leiar for Frivilligsentralen Rigmor Ludvigsen. Programmet er klart og arrangementet er lyst ut slik:

- Austrheim Eldreråd inviterer alle pensjonistar med følgje til markering av Eldredagen 1. oktober 2022.

- Program for dagen:

- Gudsteneste i Austrheim kyrkje klokka 14.00.

- Festsamvær i Austrheim samfunnshus klokka 15.00 - Middag og underhaldning.

- Pris: 300 kroner. Påmeldingsfristen er 20. september.

- Bindande påmelding til Austrheim kommune, ved Servicekontoret

Johannessen orienterte vidare om korleis programmet og underhaldninga er lagt opp, med start klokka 15.00 og fram mot ei avslutning klokka 18.30, med "Gje meg handa din ven, når det kveldast". Gro Johannessen er på gudstenesta først, medan Rigmor Johannessen er på samfunnshuset og tek seg av det praktiske med betaling og liknande.

Solveig Hopen sa at Gro Johannessen har gjort mykje, må gjerne gje beskjed om det trengst noko arbeidsdeling.

Reidar Øksnes spurte om mat og servering, fekk til svar at det er bestilt svinesteik med to tilbehør i to serveringar, deretter is og kaffi. Samfunnshuset skal rigga og rydda.

Solveig Hopen spurte om allergiar og liknande, Gro Johannessen svara at dette vert notert i samband med påmeldingar.

Reidar Øksnes spurte om dei som evt. ikkje et gris, Gro Johannessen svara at dette også må noterast ved påmelding.

- Deltaking på fylkeseldrekonferansen 12. til 13. september
Leiar Gro Johannessen orienterte om at ho og Ivar Bergsvik er utsendingar frå Austrheim til fylkeseldrekonferansen for Vestland. Program to dagar om ulike aktuelle emne.

- Branntryggleik i bustader for eldre
Leiar Gro Johannessen viste til fleire orienteringar frå brannvernspersonell, seinast i regi av sanitetslaga lokalt. Det vart sagt at dersom dei eldre ikkje har rømmingsvegar i tilfelle brann, så skal dei ikkje bu heime. I tillegg kan det vera utfordringar med å komma til sløkkemiddel som brannslangar/sløkkeapparat dersom det er hast om dette. Johannessen oppmoda til at kommunen har dette i mente, i samband med planlegging av bustader for eldre.

Til dette sa Magnus Kvingedal at det kan vera andre sløkkemiddel enn slange, men at det trengt opplæring i bruken av det.

Reidar Øksnes sa at det må noterast at administrasjonen må ta med seg i arbeidet med økonomiplanen at det vert teke med seg i budsjettarbeidet, at ein må ha midlar til branntryggleik.

Solveig Hopen ba om dette vert sett opp på saklista til neste møte i Eldrerådet, og møtesekretæren noterer seg dette. Saka skal ta opp at Eldrerådet ser det som viktig at det vert sett fokus på branntryggleik.

Konstituert kommunalsjef Helse og omsorg, Kim André Vangberg (som først orienterte om

bakgrunnen sin):

- Status arbeidet med planar Leve heile livet/Eldremelding: Kim André Vangberg viste til at det har vore orientert i formannskapet, og kjem til kommunestyret, om at eldremeldinga vert teke inn som ein del av kommunedelplanen for helse og omsorg. Eldremeldinga vart laga som del av Eldrereformen, seinare kom Leve Heile Livet-reformen, no jobbar ein for å samla alt dette i ein felles plan med underplanar/vedlegg. Skal utarbeidast med innspel frå dei eldre og andre brukarar.
- Organisering i administrasjonen: Vangberg er konstituert som kommunalsjef eit halvt år, medan ny vert rekruttert. Einingsleiar omsorg sluttar no, Silje Woldseth Lussand, her vert det ikkje konstituert nokon ny før ny kommunalsjef er på plass. Grethe Korsøen er tilsett som einingsleiar helse for legekantoret med fleire. Startar i september.
- Litt om arbeidet framover: Vangberg orienterte om at det vert jobba med overordna grep som skal gjera kvardagen betre for både brukarane og dei tilsette. Det første som vert teke opp er turnus, der ein hentar inn eit ekstern firma som jobbar med turnusplanlegging, til ein dag er alle i 24/7-tenestene vert inviterte til å høyra om ulike alternativ for turnusar.

Dette med turnus er også ein del av å svara på kommunestyret si bestilling om ein heiltidskultur, altså færre med deltidsstilling. Andre kommunar ser at betre turnusar gjer lågare sjukefråvær. Ulike alternativ er lengre men færre helgevakter (langvakt kvar fjerde helg heller enn vakt kvar tredje helg), rotasjonsturnus (nordsjøturnus) med meir, og hatt suksess med dette. Ser at god turnus også er viktig med tanke på rekruttering av tilsette, og reduksjon av sjukefråvær, mellom anna med individuell tilrettelegging. Har utfordringar i omsorgstenestene med fråvær, og at det er lite interesse for rekruttering.

Solveig Hopen sa at det er viktig å løfta motivasjonen, og skapa forståing for at dette er individuelt, enkelte er meir sjuke enn andre.

- Magnus Kvingedal sa at eit tilbod som Herretrimmen og Dametrimmen er viktig som førebygging, sjølv om dei brukarane som er der kanskje er i relativt god form. Her svara Kim André Vangberg at det med dagens to fysioterapeutar er gjort ein god jobb med å henta inn ventelista med dei som hadde krav på tilbod om fysioterapeut, men det er prioritert ned andre tilbod. Vidare jobbar ein med ei utlysing av ei stilling på 50 prosent som fysioterapeut, for ulike utvidingar av det tilbodet ein har i dag. Kan ikkje per i dag seia at tilbodet kjem heilt tilbake, det vert jobba med meir ressursar til førebygging, lovar å ha dette med seg vidare. Reidar Øksnes spurte om det er mogleg å kjøra dette digitalt, slik at ein kan ta dette utan fysioterapeut, dette vart støtta av fleire.
- Kim André Vangberg sa at politikarane utover hausten vil få presentert ei sak der ein samanliknar med det Hjelmeland kommune og andre har gjort for å rekruttera og behalda tilsette innan helse og omsorg. Det kan vera alt frå å ta inn 9. og 10. -klassingar til å prøva seg på sjukeheimen, subsidierte bustader for nytilsette, med meir.
- Vangberg orienterte om planar i omsorga for ulike former for velferdsteknologi, og anna teknologisk hjelp, som skal inn i kommuneplanen for helse. Ser at andre kommunar legg opp til å bruka enkeltpersonar som teknologiambassadørar, her lokalt er Jan Ove Synnevåg kursa i dette, og er aktuell for å delta på møte i Eldrerådet.
- Vangberg orienterte om arbeidet med datakurs for eldre.
- Vangberg orienterte om at det kjem politisk sak om kva som skal gjerast med dagens Nordliheim, etter at tilstandsrapporten seier at det vil kosta 50 millionar for å rusta den opp. Administrasjonen vil be politikarane om mandat til å jobba med eit helsetun som erstatning for dagens Nordliheimen.

- Vangberg sa at det vert orientert i Eldrerådet seinare i haust om status for E-lås i heimetenesta, og alarmanlegg på Nordliheimen.
- Gro Johannessen spurte om det vert tatt opp med dei som sluttar, kve som gjer at dei sluttar. Kva får folk til å slutta, er det løn, arbeidstid og ofte helgevakter, er det trivsel eller er det nokon anna. Vangberg sa at desse momenta vil tas opp i arbeidet vidare, og skal tas opp i sluttsamtale med dei som sluttar. Er til slutt politikarane som skal bestemma kva strategi ein skal ha for å halda på folk.
- Solveig Hopen sa at ein må jobba med å få fleire menn med i helse, det kan også gje eit betra arbeidsmiljø for alle.
- Reidar Øksnes sa om turnus og lange skift at det gjev ein annan slitasje for dei tilsette, særleg for småbarnsforeldre og andre som har oppgåver/forventnader i heimen. Her svara Vangberg at premissane ikkje er lagt på nokon måte.
- Solveig Hopen oppfordra til at dei tilsette vart spurt om kva turnus seia kunne tenkja seg å jobba, og sa vidare at ein må jobba for å få fleire menn inn i helse.

Møtesekretæren:

- Hørselskontakt i kommunen
Møtesekretæren orienterte om at det skal vera hørselskontakt i kommunane, men det er ikkje på plass i dag. Leiar Gro Johannessen sa at dette er noko kommunen må få på plass.
- Tilgang til SOR Digital
Møtesekretæren orienterte om at RMNF har betalt tilgang til dei digitale konferansane til SOR, for alle tilsette i Austrheim kommune, samt medlemmene i RMNF.

Handsaming i Eldrerådet:

Samrøystes for å ta orienteringane til vitande.

ER - 015/22 VEDTAK:

Orienteringane vart teke til vitande.
